



Arkivnr: 2019/12314-2
Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.09.2019

Høyringsuttale - NOU 2019:12 "Lærekräftig utvikling - livslang læring for omstilling og konkurranseevne"

Samandrag

Kunnskapsdepartementet har sendt «NOU 2019:12 Lærekräftig utvikling – livslang læring for omstilling og konkurranseevne» ut på høyring med frist 23. september 2019.

Rapporten er utarbeidd av Ekspertutval for etter- og vidareutdanning. Utvalet vart sett ned for å vurdere behov for etter- og vidareutdanning, om utdanningssystemet er i stand til å imøtekomme desse behova, og om rammetilhøva for investering i ny kompetanse er tilstrekkeleg gode. Ekspertutvalet fremmer ei rekke forslag til tiltak. Høyringsinstansane er inviterte til å gi si vurdering av dei konkrete forslaga og dei potensielle effektane av desse.

Utvalet har lagt fram ei rekke tiltak som dei samla sett trur vil betre moglegheitene til å lære gjennom heile yrkeskarrieren. Tiltaka skal bidra til å oppnå fire mål: 1. Styrke tilbod av utdanning og opplæring definert av arbeidslivets behov, 2. Betre kvaliteten på tilbodet, 3. Auke tilgang for fleire til utdanning og opplæring og 4. Auke det regionale ansvaret for koordinering og mobilisering.

Dei tiltaka som er mest relevante for fylkeskommunen er:

- Program for arbeidslivsdrive kompetansebygging (tiltak 5)
- Auka midlar til fylkeskommunane sitt arbeid med koordinering og mobilisering (tiltak 19)
- Utvida rett til vidaregåande opplæring (tiltak 1 og 4)
- Fjerning av 30-poengsregelen i fagskolane (tiltak 7)
- Fagskular kan søkje om selvakkræditeringsrett (tiltak 8)
- Resultatbasert tilskot til fagskulane bør gå til dei einsskilde fagskulane i staden for til fylkeskommunane (tiltak 9)

Økonomi: Kan gje auka utgifter til opplæring for vaksne

Klima: Ingen kjent effekt

Folkehelse: Livslang læring kan føre til at fleire blir ståande i arbeid som vil gje ein stor folkehelsegevinst

Regional planstrategi: Er i samsvar med regional planstrategi og regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev høyringsfråsegn til NOU 2019:12 Lærekräftig utvikling – livslang læring for omstilling og konkurranseevne, slik det kjem fram av saka.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Høringsnotat
- 2 NOU 2019:12

Fylkesrådmannen, 03.09.2019

Bakgrunn

Ekspertutvalet for etter- og vidareutdanning vart oppnemnt i mars 2018. Utvalet leverte si utgreiing «NOU 2019:12 – Lærekräftig utvikling – Livslang læring for omstilling og konkurranseevne» til kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner 4. juni 2019. Kunnskapsdepartementet har lagt ut rapporten til høyring med høyringsfrist 23. september 2019. NOU 2019:12 og høyringsnotat frå Kunnskapsdepartementet er lagt ved saka. Hordaland fylkeskommune er invitert til å gi høyringsuttale.

Ekspertutvalet fremmer ei rekke forslag til tiltak. Høyringsinstansane er inviterte til å gi si vurdering av dei konkrete forslaga og dei potensielle effektane av desse. Eventuelle merknadar av generell karakter skal skrivast i innleiinga av høyringssvaret.

Kunnskapsdepartementet har bedt høyringsinstansane om å organisere sin uttale etter nummereringa av forslaga i høyringsnotatet, som ligg ved denne saka. Kunnskapsdepartementet oppmodar fylkeskommunane til å koordinere eventuelle innspel frå sine skular og verksemder i ei felles høyringsuttale.

Regionalavdelinga og Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har utarbeidd høyringsuttala i fellesskap.

Regjeringa si kompetansereform

I 2013 gjekk Noreg inn i OECD-prosjektet Skills Strategy, eit initiativ som leia fram til Nasjonal kompetansepolitisk strategi som vart vedtatt i 2017. Strategien er inngått i eit samarbeid mellom Regjeringa, partane i arbeidslivet, Sametinget og frivillig sektor. OECD peika i sin rapport på manglande ansvarlegging av det regionale nivået som ein svakheit ved den norske kompetansepolitikken. I Nasjonal kompetansepolitisk strategi blir det understreka at fylkeskommunane sitt kompetansepolitiske ansvar skulle styrkast og at dei skulle ha ein samordnande rolle for den regionale kompetansepolitikken. På bakgrunn av det etablerte Kunnskapsdepartementet i 2016, i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, eit nasjonalt pilotprosjekt, som skulle styrke fylkeskommunane sitt arbeid med å utarbeide regionale kompetanseplanar/-strategiar. 16 fylkeskommunar deltok. Hordaland fylkeskommune var koordinator for dette prosjektet. Prosjektet skulle levere forslag til god praksis og peike på vidare utviklingsbehov. Prosjektet kom i tillegg med forslag om at fylkeskommunane skulle forplikte seg til å basere den regionale kompetansepolitikken på tre pilarer: 1) Ein regional kompetanseplan/-strategi, 2) Eit regionalt partnerskap og 3) Eit regionalt kunnskapsgrunnlag. Fylkesrådmannskollegiet slutta seg til dette forslaget i sitt møte 28. juni 2018.

Kunnskapsdepartementet har uttrykt ved fleire høve at det skal utgreiast nærare kva oppgåver som skulle leggjast til fylkeskommunane på dette feltet.

I 2018 starta Regjeringa arbeidet med ein kompetansereform i arbeidslivet. Målet er at alle skal være kvalifisert for eit arbeidsliv i endring som følge av digitalisering og ny teknologi. «Ingen skal gå ut på dato». Kunnskapsdepartementet skal leggje fram ei stortingsmelding våren 2020 med forslag til tiltak. Nedsetting av eit ekspertutvalg for etter- og vidareutdanning var eit ledd i dette arbeidet. I tillegg blei det sett ned eit Livsopphaldsutval, som leverte sin rapport desember 2018. Høyringsuttale til denne rapporten blei handsama i Opplærings- og helseutvalet 28. august 2019 (PS 61/2019).

Arbeidet med kompetanseutvikling i Hordaland

Fylkestinget vedtok hausten 2017 ein Regional plan for kompetanse og arbeidskraft som hadde som overordna målsetting å få til ein betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland. Hovudtema i planen er 1) Ny kompetanse for eit arbeidsliv i endring, 2) Dimensjonering av utdanningane i tråd med arbeidslivets behov og 3) Karrierettleiing i alle livsfasar.

For å følgje opp planen er det etablert ein samarbeidsmodell som omfattar: Kompetanseforum Hordaland, eit partnerskap som representerer utdanning, næringsliv, offentleg sektor og partane i arbeidslivet, lokale kompetanseforum for å ivareta geografiske skilnader og kontaktpunkt i utvalde bransjar og sektorar i arbeidslivet. Kompetanseforum Hordaland blir leia av fylkesdirektør for opplæring og fylkesdirektør for regional utvikling. Etter- og vidareutdanning er eitt av satsingsområda i dette arbeidet.

Formålet med ekspertutvalet for etter- og vidareutdanning

Ekspertutvalet vart gitt følgjande mandat: «Ekspertutvalet for etter- og vidareutdanning vart sett ned for å vurdere behov for etter- og vidareutdanning, om utdanningssystemet er i stand til å imøtekomme desse behova, og om rammetilhøva for investering i ny kompetanse er tilstrekkeleg gode.» Utvalet vart leia av Simen Markussen og hadde 14 medlemmar, samansett av ekspertar frå utdanningsinstitusjonar, nærings- og arbeidsliv og forskarar. Kristin Lawther, kontorsjef, Høgskulen på Vestlandet og Torbjørn Tvedt, rektor, Fagskolen i Hordaland var blant desse.

Ekspertutvalet si skildring av utfordringsbiletet

Utvalet vil gravleggje omgrepet "etter- og vidareutdanning". I staden vil dei at vi skal snakke om "Læring heile livet". Å lære heile livet er ikke synonymt med å ta utdanning heile livet. Å satse på kompetanse inneber både utdanning, men også andre typar opplæring som ikkje gir studiepoeng eller anna offentleg godkjent, formell kompetanse.

Utvalet seier at «Hovedutfordringene i dagens system er at utdanningstilbudet som finnes ikke er tilstrekkelig tilpasset arbeidslivets behov. Det er et misforhold mellom det tilbudet som finnes og det behovet som faktisk eksisterer blant etterspørerne, og spesielt de som er i jobb. I bedrifter og organisasjoner er ressursene begrenset slik at det er krevende å finne tid til utdanning og opplæring i den form og det omfang og på tidspunkter og steder som tilbydere av utdanning legger opp til. Arbeidslivet er avhengig av meir fleksible, kortere og tilpassede opplæringstilbud enn det som tilbys på markedet i dag, og etterspørselen etter det etablerte tilbudet uteblir dermed. Denne situasjonen kan også bli selvforsterkende ved at magnlede og lite tilpassede tilbud til arbeidslivet reduserer omfanget av utdanningsinstitusjonenes aktiviteter på området. Dette fører til mindre nærkontakt med bredden i arbeidslivet og utdanningstilbyderne fanger derfor ikke opp behov og ønsker i tilstrekkelig grad. Tilbud om livslang læring må utvikles gjennom tett kontakt med arbeidslivet for å sikre god forståelse av arbeidslivets behov.»

Kort om utvalet sitt forslag

Utvalet har lagt fram ei rekke tiltak som dei samla sett trur vil betre moglegheitene til å lære gjennom heile yrkeskarrieren. Tiltaka skal bidra til å oppnå fire mål:

1. Styrke tilbud av utdanning og opplæring definert av arbeidslivets behov
2. Betre kvaliteten på tilbudet
3. Auke tilgang for fleire til utdanning og opplæring
4. Auke det regionale ansvaret for koordinering og mobilisering

Utvalet gir også anbefalingar om gjennomføring av tiltaka. Utvalet har gruppert tiltaka i tre delar; tiltak som bør prøvast ut i mindre skala før dei blir innført, tiltak som utvalet meiner bør settast i verk med ein gong, og tiltak som treng utgreiing før dei kan settast i verk.

Kommentar til utvalet sitt forslag som har spesiell relevans for fylkeskommunane

Det store, nye grepet som utvalet foreslår er å opprette eit program for arbeidslivsdriive kompetansebygging, der det setjast av 700-800 millionar kroner per år, basert på ein samfinansiering mellom fleire departement. Noko av midlane skal takast frå basisløyvingane til utdanningsinstitusjonane, men desse skal gå tilbake til utdanningsinstitusjonane gjennom programmet. Programmet har som mål å identifisere behov, utvikle tilbud og finansiere gjennomføringa av opplæringstilbud både innanfor vidaregåande opplæring, fagskule, høgare utdanning og ikkje-formell opplæring av høg kvalitet. Programmet skal drivast som ei søknadsbasert

ordning. Utvalet meiner at ordninga skal forvaltast av eit nasjonalt organ. Fylkesrådmannen meiner at dette ikkje er i samsvar med intensjonane i regionreformen og behovet for å ansvarleggjere det regionale nivået, se pkt 5. i høyringsuttala. Her bør det kunne utformast ei ordning etter modell av Regionalt forskingsfond, med eit tett samarbeid mellom ein nasjonal instans og fylkeskommunane.

Utvalet meiner at fylkeskommunane sitt regionale ansvar for koordinering og mobilisering må styrkast. Dei forslår difor at regionale utviklingsmidlar over post 551.60 i statsbudsjettet må aukast opp til 2018-nivået. Dette støttar fylkesrådmannen. Samstundes er det viktig å poengtere at vi treng verkemidlar til å støtte opp om gode prosjekt og tiltak for å leggje til rette for god nærings- og kompetanseutvikling. Sjå pkt 19 i høyringsuttala.

Det som spesielt vedkjem vårt ansvar som skuleeigar er forslaget om utvida rett til vidaregåande opplæring, sjå pkt 1 og 4 i høyringsuttala. Utvalet presiserer at det å innføre ein generell rett til å ta fleire fagbrev vil medføre betydelege økonomiske og administrative konsekvensar for fylkeskommunane og konkurranse om lærlingplassar. Utvalet foreslår derfor at fylkeskommunane skal ha plikt til å tilby eit visst minimum tal fagbrev til den gruppa som ikkje lenger har rett til vidaregåande opplæring. Dette bør vere fagbrev som fylkeskommunen veit at det er behov for i regionen. Ei slik regelverksendring vil leggje press på fylkeskommunen si finansiering og er ei utfordring for deira finansieringsmodell. Utvalet tilrår difor at finansieringsmodellen blir gjennomgått med sikte på å gi fylka noko auka rammer til dekking av denne opplæringa. Fylkesrådmannen meiner at det her er viktig at fylkeskommunane får tilført midlar *for heile det fireårige opplæringsløpet for denne målgruppa*.

Utvalet foreslår også tiltak retta mot fagskulen, sjå pkt 7, 8 og 9 i høyringsuttala. Fylkesrådmannen meiner at det er riktig og viktig å fjerne 30-poengsregelen i fagskolane og at fagskolar kan søkje om selvakcrediteringsrett for alle fagområde. Fylkesrådmannen vil ikkje tilrå fylkesutvalet å støtte forslaget om at resultatbasert tilskudd til fagskulane bør gjevast direkte til fagskulane i staden for til fylkeskommunane, sjå pkt 9. Det er naudsynt å halde på noverande ordning for å sikre at tilskota blir fordelt til fagskulane med bakgrunn i regionen sitt kompetansebehov.

Høyringsuttale

Hordaland fylkeskommune ser på rapporten frå ekspertutvalet for etter- og vidareutdanning: «Lærekräftig utvikling - livslang læring for omstilling og konkurranseevne» som ei svært god og treffande skildring av dagens situasjon og kva utfordringar vi har på kompetansefeltet. Vi meiner og at utvalet har kome med ei rekkje gode forslag til kva tiltak som bør testast ut eller setjast i verk på kort og lang sikt. Utvalet har vore ambisiøse og modige, og det meiner vi er nødvendig for å lukkast med omstillinga i arbeidslivet. Her er det nødvendig å handle raskt.

I rapporten viser utvalet til at fylkeskommunane vil få tilført nye oppgåver gjennom regionreforma og vil få ei forsterka rolle i kompetansepolitikken. Dette har utvalet i liten grad tatt innover seg i sine forslag til nye tiltak. Dette vil vi kome attende til under pkt 5 Program for arbeidslivsdribe kompetansebygging.

Tiltak som ekspertutvalet tilrår vert testa ut i mindre skala

1. Utvidet rett til vidaregåande opplæring

«Utvalget ønsker å legge til rette for at det gis rett til å ta (nytt) fagbrev, altså til å ta yrkesfaglig vidaregåande opplæring for personer som fra før har fullført vidaregåande opplæring. Retten skal også gjelde for de som har oppnådd generell studiekompetanse, men som ønsker å ta yrkesfaglig opplæring og avlegge fagprøve.»

Hordaland fylkeskommune meiner dette er eit godt tiltak for å møte behovet for etter- og vidareutdanning. Hordaland fylkeskommune er leiar for INTERREG-prosjektet «Right skills for the right future» (RIGHT) som har som føremål å auke konkurransekrafta i dei blå næringane og energinæringane, med hovudfokus på SMB. Nokre av funna so langt er at mange av desse bedriftene har behov for «mixed skills», som til dømes ein kombinasjon av fleire fagbrev, fordi dei korkje har behov for to heile stillingar eller midlar til dette. Det er og svært positivt at dei som har oppnådd generell studiekompetanse, og i ettertid ser at dei har vald feil eller av andre grunnar må gjere ei kursending, får moglegheit til å ta yrkesfagleg opplæring etterpå. I begge tilfella bør ein unngå so langt det er mogleg «strafferunder» for dei som skal ta ei ekstra utdanning, men at dei kan få godkjend delar av den første utdanninga.

Forslaget vil kunne ha store kostnader knytt til gjennomføring. Det er ikkje klart kor mange personar det her er snakk om, men gitt at det medfører at det vert sett i gang fleire klasser, er det behov for at fylkeskommunen får tilført midlar *for heile det fireårige opplæringsløpet for denne målgruppa.*

Utdanningstilbodet vert i all hovudsak dimensjonert etter dei med ungdomsrett til vidaregåande opplæring. Dersom ein ønskjer å legge til rette for at vaksne med behov for omskolering skal få utvida rett til vidaregåande opplæring, krev det endring med tanke på vaksenrett til vidaregåande opplæring. Slik det fungerer i dag vert det gitt tilbod til dei med ungdomsrett, og ledige plassar vert gitt til personar med vaksenrett.

2. Tilleggs lån i Lånekassen

«Utvalget foreslår å innføre et tilleggslån, for personer over 30 år, utover den vanlige studiestøtten på maksimalt 80 000 kroner i året. Det gjør at studiestøtten kommer over nivået til minimumsytelsene for arbeidsavklaringspenger på 2 G (193 776 kroner).»

Hordaland fylkeskommune støttar dette forslaget.

3. Prøveordning med tilskudd til studieavgift og livsopphold under utdanning og opplæring

«Utvalget foreslår en prøveordning med tilskudd til studieavgift og livsopphold under utdanning og opplæring. Utvalget ønsker å innrette dette tiltaket som en utprøving med mål om å få ny kunnskap om i hvilken grad kostnader er en barriere for deltakelse og hva slags nytte arbeidsgivere og arbeidstakere kan få fra deltakelsen.»

Hordaland fylkeskommune støttar dette forslaget.

4. Dagpengemottakere med utdatert fagbrev som trenger ny vidaregåande opplæring

«Utvalget foreslår å utvide retten til å ta dagpenger for arbeidsledige som allerede har gjennomført og bestått vidaregåande skole. Utvidelsen legger opp til å følge rammene foreslått av Livsoppholdutvalget (NOU 2018:13 Voksne i grunnskole og vidaregåande opplæring) for gruppen som ikkje har vidaregåande skole fra før.»

Hordaland fylkeskommune meiner at dette kan vere eit godt tiltak for denne målgruppa. Tiltaket vil kunne få vesentlege økonomiske konsekvensar, som fylkeskommunane må få kompensasjon for. Fylkeskommunen meiner at denne type opplæring bør skje i regi av vaksenopplæringa, altså organisert i egne klasser.

Tiltak som ekspertutvalet tilrår blir sett i verk umiddelbart

5. Program for arbeidslivsdrevet kompetansebygging

«Utvalget foreslår å opprette et program for arbeidslivsdrevet kompetansebygging der etterspørrere og tilbydere kan søke om middel til ulike prosjekttyper for å utvikle nye fleksible utdannings- og opplæringstilbud. Dette kan være både forprosjekter, utvikling av konkrete tilbud og drift av tilbud.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om å opprette program for arbeidslivsdrevne kompetansebygging (700 – 800 millionar kroner årleg) og trur at det kan vere ei god løysing for raskt å tette igjen det kompetansegapet som no er i ferd med å etablere seg i regionane. Vi er samde i at sjølv om programmet skal vere arbeidslivsdrevet og utviklinga skal skje på brukarane sine premisser, vil tilbodarsida spele ei viktig rolle i utforminga og gjennomføringa av tilbodet, og at ordninga vil gje tilbodarsida ei unik og brei kontaktflate mot arbeidslivet. Det siste har vore vanskeleg å få til fram til no.

Hordaland fylkeskommune er kritisk til utvalet sitt forslag om at programmet skal vere ei nasjonal ordning, og at ordninga difor bør forvaltast av eit nasjonalt organ med kompetanse på feltet. I dette ligg det at programmet bør ha eit programstyre med representantar frå partane i arbeidslivet og UHR. Programmet skal drivast som ei søknadsbasert ordning med fleire utlysningar kvart år. Utvalet seier at søknader bør handsamast av ekspertpanel med medlemmar fra næringsliv, utdanning og arbeidslivets parter på nasjonalt nivå.

I OECD sin rapport frå 2014 kjem det tydeleg fram at ein mangel ved den norske kompetansepolitikken var manglande ansvarlegging av det regionale nivået. I Nasjonal strategi for kompetansepolitikk (2017) blei det presisert at fylkeskommunen sitt kompetansepolitiske ansvar skulle styrkast. Poenget er nettopp at det er store regionale skilnader og fleire av verkemidlane må difor forvaltast lokalt. Som svar på det har alle fylkeskommunane forpliktet seg til å utarbeide ein regional kompetansestrategi, etablere eit regionalt kompetanseforum og utarbeide eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for å avdekke kompetansebehova i regionen. Fylkeskommunane har på denne måten rusta seg til å ta på seg fleire oppgåver.

På bakgrunn av dette meiner vi det blir feil at nasjonale instansar skal handsame søknader frå bedrifter, kommunar og utdanningsinstitusjonar i fylka lausrive frå dei regionale strategiane, dei regionale partnerskapa og det regionale kunnskapsgrunnlaget. Nasjonale aktørar vil ikkje ha gode nok føresetnader til å vurdere den regionale relevansen og dermed prioritere mellom søknadene.

Utvalet seier uansett at det bør vere ei geografisk fordeling av midlane. Hordaland fylkeskommune meiner difor at fylkeskommunane må ha ei tydeleg forvaltarrolle i dette programet, men i tett samarbeid med ein nasjonal instans. Her vil vi trekkje fram modellen for Regionale forskingsfond, som ei rekkje evalueringar har konkludert med har vore svært vellukka, til tross for stor skepsis i forkant. Fylkeskommunane har vist at dei har lukkast i å bygge opp og drifte ei ordning som forvaltar store midlar til beste for ei god samfunnsutvikling i fylka.

Ordninga med Regionale forskingsfond vart vedteken av Stortinget i samband med regionreforma i 2008-2009, med første aktive år frå 2010. Det har sidan 2010 vore 7 regionale fond med to eller fleire fylkeskommunar som medlem. Det formelle ansvaret for fondet er lagt til ein vertsfylkeskommune. Kvar fond har eit styre som er nemnt opp av fylkestinga i fondsregionen. Staten ved Noregs forskingsråd foreslår 2 styrerepresentantar som fylkestinga nemner opp. Styret tek imot bestillingsbrev frå fylkestinga, og rapporterer både til desse, Forskringsrådet og Kunnskapsdepartementet. Frå 2020 vert det eit fond for kvar ny fylkeskommune. Det vert større fridom for fylka til å organisere sekretariat og styring enn det har vore fram til 2020.

Kunnskapsdepartementet har forma retningslinjer for dei regionale forskingsfonda. Desse vert frå 2020 løyst av ei forskrift. Ein sentral del av retningslina, som vert vidareført inn i forskrifta er krav til eit fagleg samarbeid med Noregs forskingsråd. Forskringsrådet har ansvar for fagleg kvalitetsvurdering av alle større

søknader som dei regionale fonda tek imot gjennom bruk av ekspertpanel. Den faglege vurderinga vert deretter ført over til det regionale fondssekretariatet, som legg til ei vurdering av regional relevans og verknad. Søknader om forprosjektmidlar blir handsama av fondssekretariatet basert på ei vurdering av regionalt oppnemnde ekspertpanel. Forskningsrådet har også ansvar for å tilby og drifte digitale system for søknadmottak, søknadvurdering og rapportering, samt heimesider for kvart fond. I tillegg arrangerer Forskningsrådet læringsarena i samarbeid med forskingsfonda.

Samarbeidet mellom dei regionale forskingsfonda og Noregs forskingsråd sikrar at regionale prioriteringar vert fatta på grunnlag av nasjonal vurdering av fagkvalitet.

Ein av dei største suksessfaktorane for ordninga med regionale forskingsfond er truleg nettopp korleis regionale prioriteringar og nasjonal fagleg vurdering står fram som eit integrert grunnlag for prioritering og tilsegn. Denne modellen trur vi med fordel kan leggjast til grunn for programmet for arbeidsdrive kompetansebygging, der ein etablerer eit liknande samarbeid mellom fylkeskommunane og eit nasjonalt organ.

6. Egen satsing på kompetanse for innovasjonsprosjekter

«Utvalget foreslår at 10 mill. kroner fra utviklingsstøtten, under Program for arbeidslivsrelevant kompetansebygging, rettes mot Forskningsrådets "innovasjonsprosjekt i næringslivet" (IPN). Med dette tiltaket ønsker utvalget å prøve ut en ordning som gir bedrifter, bedriftssammenslutninger og næringslivsorganisasjoner som har gjennomført IPN mulighet til å etablere nødvendige kompetansehevende tilbud.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om ei eiga satsing på kompetanse for innovasjonsprosjekt. Hordaland fylkeskommune er leiar for INTERREG-prosjektet «Right skills for the right future» (RIGHT) som har som føremål å auke konkurransekrafta i dei blå næringane og energinæringane, med hovudfokus på SMB. Funna so langt viser at bedriftene har vanskar med å definere sine kompetansebehov, men óg at innovasjonsarbeidet har eit tilfeldig preg. Vi trur at ei slik satsing vil bidra til at fleire bedrifter kan ta ut vekstpotensialet sitt og generere fleire arbeidsplassar for framtida.

7. Fjerne 30-poengregelen i fagskolene

«Utvalget anbefaler å fjerne kravet om at en fagskoleutdanning må tilsvare en halvt til to års utdanning på fulltid, og at utdanningen må være på minimum 30 studiepoeng for å kvalifisere til offentlige tilskuddsmidler. Utvalget mener det ikke er behov for å sette en nedre studiepoenggrense for utdanning som tilbys.»

Hordaland fylkeskommune støtter utvalet si tilråding om å fjerne kravet til ei nedre grense på 30 studiepoeng for ei fagskuleutdanning, og meiner at dette vil bidra til auka tilgang til kompetansehevande utdanning i arbeidslivet.

8. Fagskoler kan søke om selvakcrediteringsrett

«Utvalget anbefaler å gjøre det mulig for fagskoler å søke om selvakcrediteringsrett for alle fagområder. Ved en slik selvakcrediteringsrett gis fagskolene mulighet til å opprette studietilbud innen flere fagområder raskere, ettersom de unngår en saksbehandlingsprosess med godkjenning av NOKUT i forkant.»

Hordaland fylkeskommune støtter utvalet si tilråding om at det bør vere mogleg for fagskular å søkje om selvakcrediteringsrett for alle fagområde. Utvalet peikar på at dette gir fagskulane høve til å opprette studietilbod innan fleire fagområder raskare. Hordaland fylkeskommune vil også trekkje fram at ein selvakcrediteringsrett for alle fagområde ikkje vil skape avgrensingar for framtidige fagområder eller fagområder som går på tvers av ulike disiplinær, slik som fagområdeakkrediteringa gjer i dag.

9. Resultatbasert tilskudd til fagskolene bør gis til de enkelte fagskolene i stedet for til fylkeskommunene

«Utvalget foreslår at det resultatbaserte tilskuddet bør gis tilbake til de enkelte fagskolene i stedet for til fylkeskommunene. Utvalget mener at det resultatbaserte tilskuddet må komme den enkelte fagskole til gode. I dag er det slik at hele tilskuddet, både grunntilskuddet og det resultatbaserte tilskuddet overføres til fylkeskommunen. Fylkeskommunene står fritt til å benytte tilskuddet til fagskole eller andre utgiftsposter. Ved at fagskolene selv blir premiert med det resultatbaserte tilskuddet vil det skape gode incentiver for å tilby tilrettelagte og attraktive utdanninger og emner.»

Hordaland fylkeskommune vil understreke viktigheta av at det resultatbaserte tilskotet fortsatt bør gå til fylkeskommunane. Dette er naudsynt for å kunne ivareta fylkeskommunane sin forvaltningsoppgåve om å fordele tilskot til fagskular med bakgrunn i regionen sitt kompetansebehov. Hordaland fylkeskommune praktiserer tilskotsordninga slik i dag at den einskilde fagskule får det resultatbaserte tilskotet uavkorta etter den studentsatsen som er sett av fylkeskommunen. Dette gjelder både for offentlege og private fagskular. For at fylkeskommunane skal kunne vurdere finansieringa av einskilde tilbod i tillegg til det totale tilbodet i regionen, bør ikkje fordelinga av det resultatbaserte tilskotet handterast direkte av staten, men av fylkeskommunane som kjenner kompetansebehovet og utformar kompetansepolitikk i sin region.

10. Kostnadsdekning for mindre emner

«Utvalget ønsker at det skal finnes et tilbud av emner som er mindre enn det som normalt tilbys i dag. Utvalget foreslår derfor at den resultatbaserte komponenten i finansieringssystemet (for universitet og høyskoler) endres slik at det i større grad vil bære seg økonomisk å tilby mindre emner. Det er ikke utvalgets intensjon at alle emner skal splittes opp og tilbys i mindre enheter.»

Hordaland fylkeskommune meiner tiltaket er positivt og at det vil gje institusjonane sterkare insentiv til å utvikle og opprette nye emne, i tråd med behova i arbeidslivet.

11. Økt resultatfinansiering av betalingsstudier

«Utvalget foreslår å fjerne avkortingen av resultatfinansieringen for studier der inntil 49 prosent av kostnadene dekkes gjennom delbetaling fra studenten. Tiltaket åpner for at institusjonene kan tillate seg å sette lavere skolepenger eller opprette nye emner som i dagens modell ikke bærer seg økonomisk. Utvalget mener tiltaket er en hensiktsmessig måte å styrke institusjonenes forutsetning for å gi et studietilbud som er rimeligere for studentene, og som samtidig styrker institusjonenes forretningsgrunnlag.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget.

12. Program for fleksibel læring

«Utvalget foreslår at det innføres et program for fleksibel læring. Og tiltaket innrettes som en konkurransearena hvor opplærings- og utdanningstilbydere kan søke støtte til utviklingsprosjekter av typen; modell- og metodeutvikling, utvikling av fleksible tilbud og digitalisering av eksisterende tilbud. Utvalget mener at programmet må favne bredere enn tilbydere av høyere utdanning, og ønsker at programmet også rettes mot tilbydere på fagskole- og videregående skole-nivå.»

Hordaland fylkeskommune støttar utvalet sitt forslag om at det vert innført eit program for fleksibel læring, der også vidaregåande skular og fagskulen kan delta. Modellar som gjer det mogleg å stå i jobb samtidig som dei er under opplæring, er viktige for å få arbeidstakarar og dei som står utanfor arbeidsmarknaden til auke sin kompetanse, spesielt for dei som bur i distrikta. Hordaland fylkeskommune har fått innspel frå ulike aktørar gjennom vårt partnerskapsarbeid om at reine digitale løysingar ikkje vil vere eit godt nok tilbod. I tillegg er det viktig med lokale kunnskapshubar, med møtelokale, lab, utstyr og digitale hjelpemidlar, kor delar av opplæringa kan gjennomførast.

Hordaland fylkeskommune meiner det er nødvendig at slike insentivordningar koplast tett opp til regionale kompetansepolitiske planar.

13. Kvalitet i Bedriftsintern opplæring (BIO)

«Utvalget foreslår at det utarbeides eksplisitte kvalifikasjonskrav til tilbydere som bedriftene kan benytte i BIO. Felles kvalifikasjonskrav kan bidra til en likere praksis i fylkene når det gjelder hvilken type opplæring BIO-midlene kan dekke.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om å innføre kvalifikasjonskrav til tilbydarar som bedriftene kan benytte i BIO, for å sikre tilstrekkeleg kvalitet på opplæringstilboda. Samstundes er det viktig å sjå til at krava ikkje blir for strenge, slik at mindre opplæringstiltak spesielt tilpassa bedriftene, fell utanfor ordninga. BIO er eit verkemiddel som skal overførast til fylkeskommunane frå 01.01.2020. Ved å integrere dette verkemiddelet tettare inn i det kompetansepolitiske arbeidet i fylka, trur vi det blir lettare å oppnå gode resultat.

14. Opptak til enkeltemner i høyere utdanning uten å ha dokumentert studiekompetanse

«Utvalget foreslår at studenter uten dokumenterte kvalifikasjoner i større grad bør kunne delta i utdanning dersom det er ledige plasser, og dersom dette ikke er til særlig hinder for undervisningen.»

Aukande kompetansekrav i arbeidslivet vil også gjelde for personar som i dag ikkje er kvalifisert for høgare utdanning. Behova deira er ikkje nødvendigvis å få ein grad, men kunnskap innafor avgrensa emne. Hordaland fylkeskommune støttar difor forslaget om at studentar utan dokumenterte kvalifikasjonar kan delta i utdanninga dersom det er ledige plassar. At det ikkje er til hinder for undervisninga kan det vere vanskeleg å vurdere på førehand.

15. Gi eksamensrett for betalende studenter uten studiekompetanse i høyere utdanning

«Utvalget foreslår at studenter som selv bekoster sin utdanning også må få mulighet til å avlegge eksamen og oppnå studiepoeng, selv om de ikke har studiekompetanse.»

Hordaland fylkeskommune meiner at dette tiltaket er med på å leggje til rette for at studentar som betaler utdanninga sjølve, og som ikkje har studiekompetanse, kan oppnå studiepoeng slik at dei blir meir attraktive på arbeidsmarknaden.

16. Studiestøtte hele livet

«Utvalget foreslår flere endringer av Lånekassens støtteordning: a. Avvikle krav om 50 prosent studiebelastning. Det skal ikke være noen nedre grense. b. Avvikle vilkår om minste varighet på ett semester. Det skal ikke være noen nedre grense. Proporsjonal studiestøtte. c. Erstatte åtteårsgrense for støtte med grense for maksimalt lånebeløp. Det foreslås et gjeldstak på 630 000 kr (6,5 G), hvor lån til skolepenger ikke medregnes. d. Bedre lånemuligheter for personer over 45 år. Samme gjeldstak som i forslag c kombineres med å heve aldersgrensen til 70 år for når lånet skal være tilbakebetalt. e. Reversering av gradsomgjøringslån for personer over 35 år.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget.

17. Utdanning med dagpenger

«Utvalget foreslår at det skal åpnes for å kunne ta formell utdanning med dagpenger. Utvalget legger til grunn at utdanningen normalt bør ha en begrenset omfang, men med mulighet for en viss utvidelse i perioder med lavkonjunktur, og at dagpengeregelverket – foruten å åpne for denne muligheten – i hovedtrekk bør ligge fast.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om å mjuke opp dagpengeregelverket i periodar med lågkonjunktur. Norge har ein open økonomi. Hordaland er Noregs største eksportfylke, det gjer at vi er utsett for økonomiske svingingar, noko vi har merka spesielt godt dei siste åra, både med finanskrisa i 2008 og oljeprisfallet i 2014. Slike svingingar vil også kome i framtida. Dette fører til ubalanse i den regionale

arbeidsmarknaden og kraftig auke i arbeidsløysa. Sist gong omfatta dette også arbeidstakarar med høgare utdanning. Det betyr at næringslivet må omstille seg og då er det viktig at dei som har falle ut av arbeidsmarknaden kan få bygge på utdanninga si eller vri utdanninga si mot det bedriftene etterspør, utan å måtte miste dagpengene. Dette er vaksne personar med økonomiske forplikningar. Alternativet kan fort bli at dei blir ståande utanfor arbeidsmarknaden.

18. Utdanning med sykepenger

«Utvalget foreslår at det legges bedre til rette for bedre utdanningsmuligheter og finansiering mens man mottar sykepenger. Utvalget foreslår at det skal gis mulighet til å ta (formell) utdanning i et omfang på inntil 15 studiepoeng hver sjette måned uten krav om noen bestemt studiebelastning, og utdanningen skal være tilgjengelig for målgruppen som en rettighet.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget.

19. Øke støtten til fylkeskommunenes arbeid med mobilisering og koordinering

«I statsbudsjettet for 2019 ble det satt av 47 mill. kroner til regionale tiltak for utvikling av næringsmiljøer og tilgang til kompetanse, kap. 553 post 60, noe som innebar en reduksjon fra 142 mill. kroner fra 2018. Utvalget anbefaler at kap. 553 post 60 i statsbudsjettet for 2020 økes til samme nivå som i 2018. Dette i tråd med oppgavene og ansvaret fylkeskommunene samlet vil ha framover for regional kompetanseutvikling.»

Hordaland fylkeskommune vil understreke at det ikkje er samsvar mellom oppgåver og forventingar til fylkeskommunane knytt til nærings- og kompetanseutvikling og midlar til å gjennomføre desse. Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om å auke midlane over kap. 553 post 60 til same nivå som i 2018. Fylkeskommunane har gjentekne gongar påpeika at dei treng verkemidlar for å kunne leggje til rette for nærings- og kompetanseutvikling i fylka, til forskjell frå direkte bedriftsretta støtte. Dette omfattar ikkje berre tiltak knytt til mobilisering og koordinering. Storparten av desse midlane utgjer ei søknadsbasert regional ordning, der aktørar kan søkje midlar for å utvikle nye metodar, løysingar og samarbeid som må testast ut i mindre skala i eit prosjekt, framskaffe nødvendig kunnskap, etc. Slike prosjekt treng ekstern finansiering. Fylkeskommunale midlar viser seg ofte også å utløyse midlar frå andre kjelder. Dette er med å oppretthalde eit høgt innovasjonstrykk i regionen.

Tiltak som ekspertutvalet meiner må greiast ut

20. Flexibilitetsinsentiv i finansieringssystemet

«Utvalget foreslår at det utformes et eget fleksibilitetsinsentiv i finansieringssystemet for universiteter og høyskoler. Insentivet kan utformes som en egen indikator som teller hvor mange studenter som har deltatt på ulike former for fleksible studietilbud og gir finansiering deretter. Insentivet er tenkt å kompensere for kostnader knyttet til å tilby nettbaserte, modulbaserte, distribuerte, kvelds-, helge- og samlingsbaserte utdanninger eller utdanninger som tilbys i samarbeid med aktører fra arbeidslivet.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget.

21. Nye unntak i egenbetalingsforskriften

«Utvalget ønsker å legge til rette for at institusjonene får utvidede muligheter til å tilby utdanninger mot betaling, uten at dette skal gå på bekostning av lik rett til utdanning. Utvalget mener at økt tilfang av studenter som er villige til å betale for utdanning ikke vil legge press på tilbudet av gratis grunnutdanning ettersom institusjonene gjennom den eksterne finansieringen får mulighet til å øke sin kapasitet.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om endringar i egenbetalingsforskrifta under føresetnad at dette ikkje forringer tilbodet av gratis grunnutdanning. Hordaland fylkeskommune ser spesielt positivt på forslaget

om at at emne eller delar av emne som inngår i studieprogram kan gjerestilgjengeleg i form av fleksible tilbod som passar for arbeidslivet.

22. Aldersbestemt kandidatindikator

«Utvalget ber Kunnskapsdepartementet om å vurdere ordninger som i større grad kan ivareta hensynet til både kandidatproduksjon og livslang læring. En mulig vei kan være å reversere kandidatindikatoren for studenter over 30 år.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget.

23. Godkjenningsordning for ikke-formelle opplæringstilbud

«Utvalget mener det trengs en godkjenningsordning for tilbud av ikke-formell opplæring. Det bør gjerestilgjøres en utredning av hvordan en slik ordning bør utformes.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget.

Hordaland fylkeskommune har i mange år vore tilbyder av ikkje-formelle læringstiltak, finansiert gjennom EU-programmet Erasmus+ Aktiv Ungdom. Dei siste årene har vi utvikla eit opplegg skreddarsydd for ungdomar som har slutta i vidaregåande opplæring. Dei som er interesserte, kan jobbe som frivillig i Europa. Dette er eit godt verktøy for kompetanseutvikling for ei sårbar gruppe ungdomar som elles har få alternative læringstilbud. Dei unge volontørane lærer om andre kulturar og språk, i tillegg til at dette gir arbeidspraksis og livsmestring. Etter fullført prosjekt får ungdomane utdelt dokumentet «Youthpass», som er både eit deltakarbevis og læringsverktøy utvikla av EU.

<https://www.aktivungdom.eu/veiledninger/youthpass/>

Det siste året har Hordaland fylkeskommune óg sett på korleis vi kan ta i bruk ikkje-formelle læringsmetodar som ein del av den formelle opplæringa. Som ledd i eit EU-finansiert strategisk partnerskap, har Årstad vidaregåande skole gått inn i eit samarbeid med Røde Kors Bergen, og testar ut ulike ikkje-formelle læringsprosjekt. To klassar med barne- og ungdomsarbeidselevar har for eksempel vore sendt ut på fjorten dagars volontørsoppdrag i tre land i Europa. Elevane vurderte dette opphaldet som eit verdfull kompetansetiltak og anbefalar skulen til å halde fram med tiltaket. Skuleleiing og lærarane er óg positive til dette. Årstad vgs vil no sjå nærmare på korleis ein kan synleggjere og gi ein verdi til ikkje-formell kompetanse og vil teste ut «digitale badges». Dette verktøyet er ógså brukt i konseptet «Cities of learning»: <https://www.citiesoflearning.eu/>. Digitale badges kan i prinsipp brukast av alle, både unge og vaksne, som ledd i livslang læringsløpet.

24. Bedre system for realkompetansevurdering

«Utvalget foreslår at det settes i gang et langsiktig arbeid for å etablere en enhetlig praksis for realkompetansevurderinger for opptak til studier, og avkorting av studieløp ved norske universiteter, høyskoler, fagskoler og videregående skoler. Utvalget foreslår at det i første omgang bevilges midler til et prosjekt som skal utrede hvilke typer felles digitale verktøy som kan utvikles for å støtte institusjonene i deres arbeid med realkompetansevurderinger.»

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget, og meiner at felles digitale verktøy vil kunne bidra til å stimulere til meir realkompetansevurdering. Ei meir tilgjengeleg realkompetansevurdering kan ógså bidra til at fleire får utvikla relevant kompetanse etter behovet i arbeidslivet.